



Hardanger

- eit sterkt merkenamn å vidareutvikla.

Hardanger er eit eineståande område i Noreg. Regionen har storslegen naturen, levande kultur, spanande historie og eit variert næringsliv.

Namnet Hardanger er allment kjent i Noreg, men har også klang ute i verda. Området er forbunde med vakkert særmerkt fjell- og fjordlandskap, norsk fruktdyrking, gjestfritt og godt utbygd reiseliv, handverk med lange og gode tradisjonar, ein vesentleg nasjonal vasskraftproduksjon, Nasjonalparkane Folgefonna og Hardangervidda samt fleire attraktive interessante museum og kulturinstitusjonar. Hardanger har også solide og nyskapande verksemdar som opererer internasjonalt.

Slagordet «Fruktbare Hardanger» fortel om potensialet i regionen. Det ligg store mogelegheiter i å utnytta det gode omdøme på ein meir tidsmessig måte ved å byggja opp Merkevarer Hardanger. Me har valt å byggja på dei kvalitetane som alt ligg i Hardangernamnet og vidareutvikla dei.

Me vil gjerne at enkeltpersonar, små og store verksemdar, organisasjonar, lag og offentlege instansar vert med på Hardangerlaget.

Merkevareprofilen Hardanger vil styrkja ein sams identitet og gjera tilknytninga og profileringa av Hardanger

tydelegare. Den nye logoen ser ut som ei stjerne med utspring i kjente element frå Hardanger. Me kan nemna turbinhjulet, fruktblomen, eplekjernen, iskrystallen og særleg åttebladrosa, som finns i hardangersaum, bunadsbringedukar, dåpsdukar, åkle, på hardingfela med meir. Dette 8-symbolet er også eit kulturhistoriske vernemerke, for å verna menneske og verdiar mot øydeleggjande makter, på linje med Olavsrosa og Valknuten.

Stjerneforma viser også at regionen opnar seg mot verda utanfor.

Målet er at profilen innan kort tid skal byggjast opp til å verta eit kjent kvalitetsmerke, som i alle samanhengar viser området sin kvalitet i tenester, varer, kultur og historie. I dette ligg det meirverdige for vare- og tenesteprodusentane i Hardanger.

Hardangerprofilen er ein paraplyprofil med målsetjing å samordna merkevarebygginga av Hardanger som region, med fordelaktig bruk av resursane. Vona er at me får til ein vekselverknad mellom Hardanger sin sams identitet og kvalitet på produkt og tenester frå og i Hardanger. Dette vil i sin tur gjera merket truverdige og kjent både i Noreg og i utlandet. I neste omgang vil det styrkja regionen sitt omdøme og slik vert Hardanger si eige sterke merkevare.

Hardanger sitt nye kjennemerke er i praksis eit heilt nytt varemerke til rådvelde både for små og store næringsinteresser og offentlege verksemdar i heile regionen. Det er viktig å understreka at merkevareprofilen ikkje skal erstatta dykkar profilar og logoar, men forsterka interessa for eit produkt med tilknytning til namnet Hardanger. Merket er difor diskrete utforma, men tydeleg.

Tilsvarende merking finn me t.d. på Svanen og Godt Norsk. Sjå døme på bruken av Hardangerlogo på dei vedlagde sidene.

Vert de med?

Målet er at flest mogelege innbyggjarar i Hardangerkommunane skal ta i bruk identiteten. Det same gjeld små og store verksemdar i regionen. Det er mange bruksmogelegheiter både digitalt og på annan måte.

Det er verdt å merkja seg at profilen er varemerke beskytta. Bruken må difor avtalast med eigar, som er

Hardangerrådet. Bruksreglane er enkle og lite byråkratiske, Det er laga greie vedtekter for bruken av merket. Desse byggjer på tillit og sjølvdisiplin. Me må ikkje risikera at Hardangerprofilen vert misbrukt. Det skal vera eit kvalitetsmerke, og ikkje noko anna.

Me vonar at du og di verksemd, lag eller organisasjon ynskjer å vera ein del av Hardanger sitt varemerke.

Kontaktinformasjon

Hardangerrådet

Pb 78

5782 Kinsarvik

www.hardangerraadet.no

Tlf 53 67 14 50

E-post: post@hardangerraadet.no

Avgift

Det er ei mindre avgift knytt til å nytta den visuelle profilen.

Eingongsavgift:

Deltakarar med 1-5 tilsette: Kr. 500

Deltakarar med 6 - 25 tilsette: Kr. 2000

Deltakarar med 26 - 50 tilsette: Kr. 4000

Deltakarar med meir enn 50 tilsette: Kr. 5000

Frivillige lag og organisasjonar kan nytta gratis men må søkja lisens.

Effektar

I tillegg til å ta i bruk kvalitetsmerket på eigne

produkt/tenester, vil du få høve til å kjøpa produkt med den nye hardangerprofilen på. Desse produkta er naturlege å ha i bakhand organisasjonen din møter kundar/samarbeidspartnarar i andre delar av Noreg eller frå utlandet. Kontakt oss.